



Scene frå det fine julespelet som sju barn frå søndagsskulen og småbarnstreffet framførte. (Foto: Thor Inge Døssland)

**Om lag 70 personar var samla i bedehussalen søndag kveld då det vart invitert til juletreffest der. Tidlegare år har det vore to juletreffestar på bedehuset, - ein barnefest og ein fest for vaksne. Dette året hadde arrangørane valt å slå dei to festane saman, og resultatet vart ein flott fest med innhaldsrikt og godt program. Noko for alle!**

Etter at festleiar Jon Harald Kjærland hadde ønskt velkommen til fest, var det dei yngste aktørane som fekk æra av å sleppa til først. Barn frå søndagsskulen og småbarnstreffet presenterte julespelet "I den stille julenatt", og etter at dei hadde stått for ei flott opning fekk dei framførte ta del i eit variert, fint og godt samansett program. Det var eit program av store og små, for store og små.



Ronja Lakselv hadde ei fin songframføring saman med bestefar Tor,

Dette med samspel mellom generasjonar vart understreka av eit fint og tankevekkjande innslag av familien Lakselv. Ronja Lakselv song vakker saman med bestefar Tor som og spela trekkspel til. Dette var ei fin innleiing til juleforteljinga som bestemor Turid les. Framføringa minna oss om kor godt resultatet vert når generasjonar samarbeider.

som spela trekkspel. (Foto: Thor Inge Døssland)

Elles hadde dei unge ein sentral plass på programlista. Seks av konfirmantane i det rekordstore konfirmantkullet i år hadde fine bidrag:

- Fire jenter, Kristine Ludvigsen, Ellen Karin Moen, Silje Mathiesen og Ingvill T. Sture framførte julespelet "Eg er ljøset for verda". Godt førebudde som dei var, kom dei flott frå framføringa.
- Siv Hanne Kjærland assisterte med dramatisering til deler av andakten, og dessutan serverte ho vakkert fløytespel til songen i julespelet som dei minste framførte.
- Ingvill T. Sture og Vegard Døssland spela musikkstykkje av Händel, og i tillegg var dei tonefølgje til songen under gangen rundt juletreet som avslutta programmet. Det fungerte flott!
- I tillegg var bordet med dei seks konfirmantane suverent best i ein kjekk bordkonkurranse, der det var om å gjera å teikna/gjetta kjende songar raskast mogeleg.

Andaktshaldar på festen var Marit H. Adnanes frå Bømlø. Ho har det siste halvanna året vore tilsett som barne- og ungdomssekretær i Indremisjonsamskipnaden, og ho var såleis godt kjend på bedehuset i Uskedalen frå tidlegare besøk. Gjennom andakten evna ho å tala både til store og små. Ho fekk bodskapen tydeleg fram. I tillegg til at ho nytta lettfatteleg språk brukte ho praktiske handlingar knytte til det ho sa. Både enkel dramatisering og kjemisk eksperiment var nytta. Det kjemiske eksperimentet ho brukte, skapte undring særleg mellom dei yngste. Ved å gjera reint vatn brunt viste ho korleis synda hadde kome inn i mennesket ved syndefallet. Ved å tilsetja "salt" vart vatnet skinande blankt og reint att. Dette symboliserte at alle kunne få syndeforlating om ein tok i mot Jesus, Frelsaren("saltet").

Innimellom programinnsloga song vi eit utval av dei kjende og kjære julesongane som allsong. Ingebjørg Haugland akkompagnerte rutinert og fint på piano. Flott levert av den 12 år unge jenta!

Elles var det sjølvsagt tid til bordseta der det vart servert julabrød, julakjeks, julabrus og kaffi.

Det var ein skikkeleg juletreffest fylt av dei beste tradisjonar, dei frammøtte fekk oppleva i bedehuset denne søndagskvelden. Dette er den einaste attverande av dei mange julefestane som tidlegare år var nede i bygda. Arrangørane var godt nøgde med frammøtet. Vi meiner det burde vore langt fleire. Ein skikkeleg juletreffest er ein fin juletradisjon som langt fleire burde få oppleva. Derfor kan vi håpa på ein like flott fest med endå fleire frammøtte neste år.

Av Thor Inge Døssland



Kristine Ludvigsen, Ingvill T. Sture og Ellen Karin Moen framførte julespelet saman med Silje Mathiesen. (Foto: Thor Inge Døssland)